



MVA-rapport 3/2012

## Kartlegging av sopp i sju slåttemarker i Hordaland, våren 2012





<b>Utgjevar:</b> Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 3/2012
<b>Tittel:</b> Kartlegging av sopp i sju slåttemarker i Hordaland, våren 2012	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-087-5
<b>Forfattar:</b> Olav Aas	<b>Dato:</b> 04.12.2012
<b>Samandrag:</b> Rapporten presenterer resultata frå ei undersøking av sopp i sju utvalde slåttemarker i Hordaland i 2012. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Hordaland, og er ein del av arbeidet med å dokumentere biologiske kvalitetar i gammal slåttemark med skjøtselsavtalar gjennom Handlingsplan for slåttemark. Våraspektet av sopp i gammal slåtte- og beitemark er lite kjent, og dette arbeidet er òg eit forsøk på å få betre kunnskap om dette.  Totalt vart det registrert 16 artar av sopp i dei sju undersøkte slåttemarkene i 2012: Seks storsoppar, ein rustsopp og ni artar på dyreekskrement. Dei seks artane av storsoppar er alle karakteristiske vårsoppar, og fire av dei er typisk knytt til slåttemark.  Det vart ikkje funne raudlista artar, men seks av artane, alle funne på ekskrement, er førebels ikkje vurderte for raudlista.  Det vart registrert seks sjeldne til svært sjeldne artar. Den eine av desse er ikkje tidlegare funne i Noreg, og ein er ny for fylket. Fem av desse soppene vart funne på ekskrement.  13 av dei registrerte artane er nye funn for respektive kommunar. Fire av desse er storsoppar.  I slåttemarka på Berlandstveit i Fusa kommune vart det registrert flest artar. I alt ni ulike soppartar vart funne her, tre av desse var vårartar av storsopp som ein kan vente å finne i slåttemarker. Ein av desse, myråkersopp, indikerer vanlegvis kalkhaldig jord.	
<b>Referanse:</b> Aas, O. 2012. Kartlegging av sopp i sju slåttemarker i Hordaland, våren 2012. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga, MVA-rapport 3/2012. 18 s.	
<b>Emneord:</b> Biologisk mangfold, slåttemark, sopp	
Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 20 00 <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a>	

Framsida:

Øvst: Slåttemark på Berlandstveit i Fusa. Foto: Mary H. Losvik. Nede venstre: Myråkersopp, litt frostskadd. Midten: Sandtrevlesopp, litt prega av frost- og tørkeskade. Nede høgre: Nelliksopp, også litt frost- og tørkeskadd. Foto: Olav Aas.



## **Innhald**

Innhald.....	3
Samandrag .....	5
Innleiande kommentarar.....	7
Omtale av dei enkelte lokalitetane .....	8
Ulvund, Voss .....	8
Halland, Radøy .....	8
Berlandstveit, Fusa .....	9
Måkestad, Torebrekk, Ullensvang .....	13
Måkestad nedre, Ullensvang .....	13
Måkestad øvre, Ullensvang .....	14
Nes, Kvam.....	15
Oversikt over alle registrerte soppartar våren 2012 .....	17
Litteratur .....	18



## Samandrag

- I alt vart det registrert 16 ulike artar av sopp i dei sju undersøkte slåttemarkene i 2012. Av desse var seks storsoppar, ein rustsopp og ni artar som vart funne på ekskrement.
- Det vart funne seks storsoppar som alle er karakteristiske vårsopp. Fire av desse er artar som hører til i slåttemarker (Tabell 1).
- Det vart ikkje funne raudlista sopp, men seks av soppane er enno ikkje vurdert for raudlista (NE). Alle desse vart funne på ekskrement. (Tabell 4).
- Det vart registrert seks sjeldne til svært sjeldne artar (Tabell 2). Den eine av desse er ikkje tidlegare funne i Noreg, og ein er ny for fylket. Fem av desse soppane vart funne på ekskrement.
- 13 av dei registrerte artane er nye funn for respektive kommunar (Tabell 3). Fire av desse er storsoppar.
- I slåttemarka på Berlandstveit i Fusa kommune vart det registrert flest artar. I alt ni ulike soppartar vart funne her, tre av desse var vårartar av storsopp som ein kan vente å finne i slåttemarker. Ein av desse, myråkersopp, indikerer vanlegvis kalkhaldig jord.

**Tabell 1.** Funn av vårartar av storsopp som hører til i slåttemarker.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad	Funnstad
<i>Agrocybe elatella</i>	myråkersopp	Vår-sommarart. Indikerer kalk	Berlandstveit (Fusa)
<i>Inocybe juniana</i> var. <i>juniana</i>	-	Vår-seinsommarart. Ein av dei tidlegaste kjeglesoppane vi finn på vårparten	Berlandstveit (Fusa)
<i>I. lacera</i> var. <i>lacera</i>	sandtrevlesopp	Sein vår-haust	Berlandstveit (Fusa)
<i>Marasmius oreades</i>	nelliksopp	Sein vår-haust	Måkestad, øvre (Ullensvang)

**Tabell 2.** Funn av sjeldne og svært sjeldne artar.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad	Funnstad
<i>Agrocybe elatella</i>	myråkersopp	Tredje funn i Hordaland	Berlandstveit (Fusa)
<i>Ascobolus sacchariferus</i>	-	Andre funn i Hordaland	Berlandstveit (Fusa)
<i>A. stictoideus</i>	-	Fjerde funn i Noreg	Torebrekk (Ullensvang)
<i>Pilobolus kleinii</i>	-	Ny for Hordaland	Berlandstveit (Fusa) Måkestad, Torebrekk (Ullensvang)
<i>Saccobolus verrucisporus</i>	-	Ny for Noreg	Berlandstveit (Fusa)
<i>Thelebolus crustaceus</i>	-	Andre funn i Hordaland	Ulvund (Voss)

**Tabell 3.** Nye funn for kommunane.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad	Funnstad
<i>Agrocybe elatella</i>	myråkersopp	Ny for Fusa	Berlandstveit
<i>Ascobolus sacchariferus</i>	-	Ny for Fusa	Berlandstveit
<i>A. stictoideus</i>	-	Ny for Ullensvang	Måkestad, Torebrekk
<i>Conocybe juniana</i> var. <i>juniana</i>	-	Ny for Fusa	Berlandstveit
<i>Inocybe lacera</i> var. <i>lacera</i>	sandtrevlesopp	Ny for Fusa	Berlandstveit
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-	Ny for Fusa Ny for Kvam	Berlandstveit Nes
<i>L. papillatus</i>	kransmøkkøy	Ny for Fusa	Berlandstveit

<i>Marasmius oreades</i>	nelliksopp	Ny for Ullensvang	Måkestad, øvre
<i>Pilobolus kleinii</i>	-	Ny for Fusa Ny for Ullensvang	Berlandstveit Måkestad, Torebrekk
<i>Saccobolus verrucisporus</i>	-	Ny for Fusa	Berlandstveit
<i>Thelebolus crustaceus</i>	-	Ny for Voss	Ulvund
<i>T. polysporus</i>	-	Ny for Fusa Ny for Kvam Ny for Ullensvang	Berlandstveit Nes Måkestad, Torebrekk
<i>T. stercoreus</i>	-	Ny for Kvam	Nes

**Tabell 4.** Artar som enno ikkje er vurdert for den norske raudlista (NE).

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Funnstad
<i>Ascobolus sacchariferus</i>	-	Berlandstveit (Fusa)
<i>A. stictoideus</i>	-	Måkestad, Torebrekk (Ullensvang)
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-	Berlandstveit (Fusa), Nes (Kvam), Halland (Radøy)
<i>Thelebolus crustaceus</i>	-	Ulvund (Voss)
<i>T. polysporus</i>	-	Berlandstveit (Fusa), Nes (Kvam), Måkestad, Torebrekk (Ullensvang)
<i>T. stercoreus</i>	-	Nes (Kvam)

## Innleiande kommentarar

### Oppdrag og mål

Oppdragsgjevar, Fylkesmannen i Hordaland, har dei siste to åra fått undersøkt fungaen i eit utval biologisk verdifulle slåttemarker i fylket (Aas 2011, Aas 2012). Målet med kartlegginga er å få auka kunnskap om mangfaldet av sopp i slåttemarker, og å styrka dokumentasjonen av dei biologiske verdiene i dei aktuelle slåttemarkene. Kartlegginga er òg ein del av arbeidet med å undersøke dagens status for slåttemarker i fylket. Soppane kan vere gode indikatorar på kontinuitet i eldre driftsformer.

Desse tidlegare undersøkingane vart gjennomført på ettersommaren og hausten. Våraspektet er ikkje fanga opp, og dette er eit felt ein har mangfull kunnskap om.

På bakgrunn av dette hadde fylkesmannen valt ut følgjande sju slåttemarker i fylket som skulle undersøkjast for vårsopp i 2012: Ulvund i Voss kommune, Halland i Radøy, Berlandstveit i Fusafjord, Måkestad (øvre Måkestad, nedre Måkestad og Torebrekk) i Ullensvang og Nes i Kvam herad.

Alle slåttemarkene har skjøtselsavtale og blir haldne i hevd etter gamle driftsmetodar. Med unntak av øvre og nedre Måkestad er dei tidlegare skildra ut frå botaniske kvalitetar, kartfesta og lagt inn i Naturbase.

### Soppsesongen 2012

Fram til om lag midten av mai var det kaldare enn normalt, med nattefrost mange stader i fylket. I siste del av mai var det ein uvanleg lang og tørr periode, med temperaturar over 27 °C (Bergens Tidende). Våren 2012 gav såleis mindre gunstige vekstvilkår for storsopp. Difor vart det også registrert og samla andre grupper av sopp i slåttemarkene. For ein stor del omfatta dette rustsopp (Basidiomycota), sekksporesopp (Ascomycota) og kopplingssopp (Zygomycota). Dei to siste gruppene vart i hovudsak funne på ekskrement.

### Sopp på ekskrement

I slåtte- og beitemark finn vi mange sopp som veks på ekskrement. Desse kallast for *koprofile* sopp. Mange er små og knapt synlege utan å bruke lupe, medan andre er ”storsopp” innan mange slekter av stilksporesoppene (Basidiomycota). Desse soppene er relativt dårleg undersøkt her i landet. Vi kjerner ikkje til om det er skilnader i denne sopploraen i gjødsela kontra ugjødsela beiteområde. Dette er så absolutt ei interessant problemstilling som burde vore nærmare undersøkt.

### Materiale og metodar

Feltarbeidet med registrering og innsamling vart utført i tidsrommet 29. april til 27. juni 2012. For sikker identifisering vart innsamla materiale mikroskopert. Norske namn følger den siste utgåva av ”Norske soppnavn” (2011). I hovudsak er opplysninga om tidlegare soppfunn i kommunane, fylket og i landet henta frå Norsk SoppDatabase og Artsportalen.

Det innsamla materialet er innlevert til herbariet ved Dei naturhistoriske samlingane (BG), Universitetsmuseet i Bergen.

**Takk** til alle grunneigarane for deira interesse og for nyttige opplysningar. Også takk til Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland for godt samarbeid, og til Mary Holmedal Losvik som deltok på ein del av feltarbeidet og gav verdifulle opplysningar om botaniske kvalitetar av slåttemarkene.

## Omtale av dei enkelte lokalitetane

Nummer i Naturbase (www.naturbase.no) er gitt i parentes.

### 1. Ulvund, Voss (BN00020043)

Området vart undersøkt den 9. juni. Om lag 150 sauer og lam hadde beita her fram til månadsskiftet mai-juni. Deler av slåttemarka var svært tørr og «brunsvidd», og heilt til det siste hadde det vore nattefrost. Det vart ikkje funne storsopp. Delområda refererer til Hartviksen (2007).

**Tabell 5.** Soppfunn i slåttemarkene på Ulvund i Voss kommune, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Thelebolus crustaceus</i>	-	Ny for kommunen, funne på kumøkk i delområde D. Ein sjeldan innsamla sopp som berre er kjent frå åtte lokalitetar her i landet. I Hordaland var den tidlegare berre funnen i Kvinnherad. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>Trachyspora intrusa</i>	marikåperust	Ein rustsopp, funnen i delområde A. På undersida av blad av marikåpe ( <i>Alchemilla</i> sp.). Vanleg i heile landet på artar av marikåpe i tidsrommet april-juni. Dette er første registrerte funn frå Ulvund, og første innsamling i kommunen sidan 1961. Soppen er tidlegare kjend frå knapt 20 område i kommunen, dei fleste innsamla av Johannes Lid i 1910- og 1920-åra, og noko seinare av rustsoppspesialisten Ivar Jørstad.



Marikåperust på undersida av blad av marikåpe. Bladet er oransjefarga av sommarsporar (uredosporar). Foto: Olav Aas.

### 2. Halland, Radøy (BN00001001)

Slåttemarka vart undersøkt 23. mai, 1. juni og 27. juni. Det vart ikkje funne storsopp i området. Heile våren fram til 18. mai hadde det vore kaldt, og etter det ei vekes tid med tørt og varmt vær. Slåttemarka var prega av tørke, den var fint nedbeita av fem sauer med lam som beita her ut mai månad.

**Tabell 6.** Soppfunn i slåttemarka på Halland i Radøy kommune, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-	På sauemøkk. Tidlegare funnen på hjortemøkk i kommunen (Aas 1978). Ein relativt sjeldan innsamla sekksporesopp her i landet, kjend frå knapt 40 område. I Hordaland var den tidlegare funne i 5 område i kommunane Bergen, Eidfjord, Os, Radøy og Ulvik. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).



Jordnøttslør over slåttemarka på Halland, 1. juni 2012. Området endar ved gjerdet i framkant av biletet. Foto: Mary Holmedal Losvik.



*Lasiobolus cuniculi*, ein liten oransje, strihåra begersopp som lever på ekskrement.  
Foto: Olav Aas.

### 3. Berlandstveit, Fusa (BN00068547)

Avgrensing: Området bør utvidast med sør-vestlege, øvre delen (sjå foto under).

Slåttemarka vart undersøkt første gong 26. mai. Det vart ikkje funne storsopp i området. Fram til midten av mai hadde det vore kaldt, med nattefrost, og resten av mai var det varmt og tørt utan nedbør. Om lag 30 sauar beita i området. Ved undersøking 21. juni vart det funne tre storsoppar. Området var fint nedbeita av sauene som hadde beita her fram til for ei vekes tid sidan.



Slåttemarka på Berlandstveit, øvre, tidlegare avgrensa område. Fleire stader var det tørkeskader. Sveve dominerte heile området. Berre aller øvst vart det funne nokre få planter av jordnøtt. Foto: Olav Aas, 21. juni 2012.



I tillegg til eksisterande avgrensing av slåttemarka på Berlandstveit (frå høgre biletkant og vidare til høgre), bør området utvidast med denne sør-vestlege, øvre delen av området. Foto: Mary Holmedal Losvik, 26. mai 2012.

**Tabell 7.** Soppfunn i slåttemarka på Berlandstveit i Fusa kommune, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Agrocybe elatella</i> ( <i>paludosa</i> )	myråkersopp	Ny for kommunen. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, berre kjent frå om lag 20 område. I Hordaland er den tidlegare kun innsamla to gonger frå Hamre i Bergen kommune. Det er ein vår-sommarart som veks på bjørnemose ( <i>Polytrichum</i> ). Den indikerer vanlegvis kalkhaldig jord.
<i>Ascobolus sacchariferus</i>	-	Ny for kommunen, funnen på sauemøkk. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, berre kjent frå 9 område. I Hordaland var den tidlegare funne i Austevoll. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>Conocybe juniana</i> var. <i>juniana</i>	-	Ny for kommunen. I Hordaland er det tidlegare kjent to sikre tilfelle av denne kjeglesopp-varieteteten, begge frå Voss kommune. Jens Stordal samla den i 1947 frå Skulstadmo, som det første registrerte funnet i Noreg. Det andre kjende funnet er frå Ulvund (Aas 2011). Ein annan varietet av hovudarten vart innsamla frå Granvin av Stordal i 1948. Soppen er kjent frå rundt 20 område i Noreg. Det er ein vårseinsommarart. Det er ein av dei tidlegaste kjeglesoppane ( <i>Conocybe</i> ) som vi finn på vårparten.
<i>Inocybe lacera</i> var. <i>lacera</i>	sandtrevlesopp	Ny for kommunen. Ein relativt vanleg sopp her i landet, frå seint på våren-hausten, kjend frå i overkant av 200 lokalitetar i Noreg. I Hordaland er den funnen i eit 20-tals område. Soppen vart funnen i eit bratt, sandete parti (øvre åkerreine) i øvre del av slåttemarka.
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-	Ny for kommunen. På sauemøkk. Ein relativt sjeldan innsamla sekksporesopp her i landet, kjend frå knapt 40 område. I Hordaland tidlegare funne i 5 område i kommunane Bergen, Eidfjord, Os, Radøy og Ulvik. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>L. papillatus</i>	kransmøkkøye	På haremøkk. Kjent frå eit 60-tals område i Noreg, og frå eit 10-tals områder i Hordaland.
<i>Pilobolus kleinii</i>	-	Ny for Hordaland, funnen på sauemøkk. Ein svært sjeldan innsamla sopp her i landet, berre kjent frå fem område i fylka Nordland, Oppland (Bendiksen 1986), Sogn og Fjordane og Vestfold. Soppen tilhøyrer koplingsoppene i soppeslekta sprettmugg (Norske soppnavn 2011), og er vanlegast å finne på ekskrement av planteetande dyr.
<i>Saccobolus verrucisporus</i>	-	Ny for Noreg. Funnen på sauemøkk.
<i>Thelebolus polysporus</i>	-	Ny for kommunen. Funnen på sauemøkk. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, tidlegare berre kjent frå 7 område, to av desse er Hordaland-kommunane Os og Radøy. Soppen er ikkje vurdert for raudlista (NE).



Frostskadd myråkersopp. Foto: Olav Aas.



*Conocybe juniana* var. *juniana*, ein liten kjeglesopp. Foto: Olav Aas.



*Pilobolus kleinii*, ein liten sopp på ekskrement. Dei lyse, oppstikkande fruktlemmane har små væskedråpar på utsida. Den svarte kula på toppen er samling av soppsporar. Foto: Olav Aas.



Sandtrevlesopp, litt prega av frost- og tørkeskade. Foto: Olav Aas.

#### **4. Måkestad, Torebrekk, Ullensvang (BN00024952)**

Slåttemarka vart undersøkt 17. juni. Det var høgt gras i heile området, og det vart ikkje funne storsopp.

**Tabell 8.** Soppfunn i slåttemarka Torebrekk på Måkestad i Ullensvang herad, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Ascobolus stictoideus</i>	-	Ny for kommunen, fjerde funn i Noreg. Funnen på kumøkk. Den er tidlegare her i landet innsamla frå dei to Hordalands-kommunane Fitjar og Radøy. I tillegg er det kjent eit funn frå Kongsvoll i Sør-Trøndelag (Eckblad 1968). Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>Pilobolus kleinii</i>	-	Ny for Hordaland. Funnen på kumøkk. Ein svært sjeldan innsamla sopp her i landet, berre kjent frå fem område i fylka Nordland, Oppland (Bendiksen 1986), Sogn og Fjordane og Vestfold. Soppen tilhøyrer koplingsoppiane i soppsekta sprettmugg (Norske soppnavn 2011), og er vanlegast å finne på ekskrement av planteetande dyr.
<i>Thelelebolus polysporus</i>	-	Ny for kommunen. Funnen på kumøkk. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, tidlegare berre kjent frå 7 område, to av desse er i Hordaland, kommunane Os og Radøy. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).


#### **5. Måkestad nedre, Ullensvang**

Området vart undersøkt 18. juni. Det vart ikkje funne storsopp. Deler av markene er gjødsla. Noko av området var nyleg slått, i resten av området var det høgt gras. Berre øvre, høgre del er interessant som slåttemark.

**Tabell 9.** Soppfunn i slåttemarka på nedre Måkestad i Ullensvang herad, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Trachyspora intrusa</i>	marikåperust	Rustsopp på undersida av blad av marikåpe ( <i>Alchemilla</i> sp.). Svært vanleg i Noreg og i Hordaland på ulike artar av marikåpe, mest vanleg i tidsrommet april-juni. Fleire eldre innsamlingar i kommunen frå 1910-til 1930-åra samla av rustsoppspesialisten Ivar Jørstad. Dette er første registrerte funnet frå vestsida av Sørfjorden.

Nedre del av  
Måkestad  
dominert av syre.  
Foto: Olav Aas,  
18. juni 2012.



## 6. Måkestad øvre, Ullensvang

Området vart undersøkt 18. juni. Det vart berre funne ein storsopp. Markene var prega av tørke. Storparten av slåttemarksindikatorane vart funne på dei mest grunne partia. Deler av området er svært sannsynleg gjødsla.



Måkestad, øvre. Den øvre, venstre del av området (närmast) bar preg av gjødsling. Området ovanfor og nedanfor uteløya hadde innslag av mange indikatorartar. Foto: Olav Aas, 18. juni 2012.

**Tabell 10.** Soppfunn i slåttemarka på øvre Måkestad i Ullensvang herad, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Marasmius oreades</i>	nelliksopp	Ny art for kommunen. Soppen er vanleg i Noreg, kjend frå om lag 450 lokalitetar. Den er sjeldan innsamla i Hordaland, tidlegare berre kjend frå 5 område i Askøy, Kvam og Voss. Nelliksopp dukkar opp seinst på våren, men dei fleste innsamlingane er på haustparten.




Nelliksopp, litt frost- og tørkeskadd. Foto: Olav Aas.

## 7. Nes, Kvam (BN00081114)

Avgrensing: I høve til tidlegare avgrensing av slåttemarka, bør området utvidast mot husa, og omfatte alle fruktrea. Sjå foto.

Slåttemarka vart undersøkt første gong 29. april. Dei to storsoppene som vart funne, symrebeger og furukonglehatt, var begge sterkt medtatt av frost. Ved undersøking av slåttemarka 21. juni, vart det ikkje funne storsopp. Deler av området var prega av tørke.



Slåttemarka på Nes var inngjerda. Nedre del var dominert av jordnøtt, svever og flekk-marihand. Større område var tørkeskada. Foto: Olav Aas, 21. juni 2012.



Symrebeger, ein stilka begersopp som snyltar på kvitveis. Foto: Olav Aas.

**Tabell 11.** Soppfunn i slåttemarka på Nes i Kvam herad, våren 2012.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Merknad
<i>Dumontinia tuberosa</i>	symrebeger	Sekksporesopp som snyltar på jordstenglane til kvitsymre ( <i>Anemone nemorosa</i> ). Dette er ein typisk vårsopp, vanlegvis frå sist i april til først i mai. Vanleg sopp i Noreg, kjend frå rundt 350 lokalitetar. I Hordaland tidlegare innsamla frå 12 område i kommunane Bergen, Kvam, Kvinnherad, Lindås og Os. Dette er tredje registrerte funn av arten i Kvam.
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-	Ny for kommunen. På sauemøkk. Ein relativt sjeldan innsamla sekksporesopp her i landet, kjend frå knapt 40 område. I Hordaland tidlegare funne i 5 område i kommunane Bergen, Eidfjord, Os, Radøy og Ulvik. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>Strobilurus stephanocystis</i>	furukonglehatt	Ein typisk vår- og førsommarsopp som veks på eldre og rotnande furukongler. Soppen er kjend frå over 400 lokalitetar i Noreg. I Hordaland er den innsamla frå rundt 30 område. Dette er tredje registrerte funn av arten i kommunen.
<i>Thelebolus polysporus</i>	-	Ny for kommunen. Funnen på sauemøkk. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, tidlegare berre kjent frå 7 område, to av desse er i Hordaland, kommunane Os og Radøy. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).
<i>Thelebolus stercoreus</i>	-	Ny for kommunen. Funnen på sauemøkk. Ein sjeldan innsamla sopp her i landet, berre kjent frå om lag 10 område, to av desse er i Hordaland, kommunane Kvinnherad og Ulvik. Arten er ikkje vurdert for raudlista (NE).



Furukonglehatt, som veks på gamle furukongler. Foto: Olav Aas.

## Oversikt over alle registrerte soppartar, våren 2012

Lokalitetar: 1) Ulvund, Voss. 2) Halland, Radøy. 3) Berlandstveit, Fusa. 4) Torebrekk, Ullensvang. 5) Måkestad nedre, Ullensvang. 6) Måkestad øvre, Ullensvang. 7) Nes, Kvam.

Vitskapeleg namn	Norsk namn	1	2	3	4	5	6	7
<i>Agrocybe elatella</i>	myråkersopp			x				
<i>Acobolus sacchariferus</i>	-			x				
<i>A. stictoideus</i>	-				x			
<i>Conocybe juniana</i> var. <i>juniana</i>	-			x				
<i>Dumontinia tuberosa</i>	symrebeger						x	
<i>Inocybe lacera</i> var. <i>lacera</i>	sandtrevlesopp			x				
<i>Lasiobolus cuniculi</i>	-		x	x	x			x
<i>L. papillatus</i>	kransmøkkøye			x				
<i>Marasmius oreades</i>	nelliksopp						x	
<i>Pilobolus kleinii</i>	-			x	x			
<i>Saccobolus verrucisporus</i>	-			x				
<i>Strobilurus stephanocystis</i>	furukonglehatt							x
<i>Thelebolus crustaceus</i>	-	x						
<i>Thelebolus polysporus</i>	-			x	x			x
<i>T. stercoreus</i>	-							x
<i>Trachyspora intrusa</i>	marikåperust	x				x		

## Litteratur

- Aas, O. 2011. Kartlegging av sopp i åtte slåttemarker i Hordaland i 2010. – *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga, MVA-rapport 5/2011.* 26 s.
- Aas, O. 2012. Kartlegging av sopp i 11 slåttemarker i Hordaland i 2011. – *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga, MVA-rapport 1/2012.* 31 s.
- Aas, O. 1978. *Koprofile discomycetar (Ascomycetes: Discomycetes Operculati = Pezizales) i Noreg. Med særleg vekt på innsamling I Hordaland og Sogn og Fjordane.* – Hovudfagsoppgåve i spesiell botanikk til matematisk-naturvitenskapleg embetseksamen ved Universitetet i Bergen. 233 s.
- Bendiksen, E. 1986. *List of species observed, VII Nordic Mycological Congress 1984, Nymoen (S. Norway), compiled by Egil Bendiksen.* – Botanical Garden and Museum, Oslo. 41 s.
- Bergens Tidende* 3. juni 2012. – Kald, varm og kald mai.
- Eckblad, F.-E. 1968. The genera of the operculate Discomycetes. – *Nytt magasin for botanikk* 15: 1-191.
- Hartviksen, K. S. W. 2007. *Artsrike enger på Ulvund, Voss kommune.* – Cand. scient. oppgåve studieretning Biodiversitet, evolusjon og økologi. Universitetet i Bergen. 69 s.
- Norske soppnavn.* 4. utg. 2011. – Norges sopp- og nyttevekstforbund, Ås. 218 s.



**Fylkesmannen i Hordaland**

Besøksadresse:  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:  
[fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-087-5  
ISSN: 0804-6387